

Til Helse Førde  
Direktør for psykisk helsevern Børge Tvedt  
Arbeidsgruppe PHV ved leiar Svein Ove Alisøy  
Forprosjekt nye Førde sjukehus v/direktør Kjell Inge Solhaug

## **NYBYGG PSYKIATRISK KLINIKK**

Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse i Sogn og Fjordane (LPP) er gjennom brukarrepresentant gjort kjent med planane for nybygg ved Psykiatrisk klinikk og ynskjer å komme med nokre innspel.

LPP har ved fleire høve påpeika at Helse Førde (HF) ikkje legg til rette for at pasientar med psykoselidningar får den behandling som er anbefalt i nasjonale retningslinjer. Andre helseføretak har eigne psykoseavdelingar men HF har derimot fjerna døgnpostane tiltenkt denne gruppa. I dag får psykosepasientane døgnbehandlingstilbod på allmennpsykiatriske døgnavdeling og akuttavdeling, dette gir ikkje pasientane eit godt tilbod. Miljøet er for stort og ustabil for denne sårbare pasientgruppa og pasientane blir flytta mellom ulike avdelingar ettersom symptom endrar seg. Konsekvensen blir at dei alvorlegaste sjuke systematisk får eit tilbod der grunnleggande behandlingselement som kontinuitet og gode relasjonar blir ignorert. Pasientane og deira familie blir utsett for unødige lidningar, kronifisering og redusert livskvalitet.

Vi har påpeika desse forholda i 12-15 år, der fagfolk i HF / psykiatrar har gitt oss støtte, og fylkeslegen har ved fleire høve kritisert Helse Førde for behandlingstilbod og manglande oppfølging. I den seinare tid har LPP sin brukarrepresentant peika på denne pasientgruppa i ulike samanheng.

Det er difor på høg tid at HF tar dette på høgste alvor og løftar psykosepasientane fram i diskusjonane og prioriteringane før planløyningane vert låst. Slik som planane ligg føre no blir pasientane framleis kasteballar mellom avdelingar og eit stort tal tilsette, dette kan eller bør ikkje akseptrast.

Andre kommentarar:

- **Arealet for sikkerhet/skjerming:** Det er ikkje sett av areal til felles opphaldsrom eller rehabiliteringsaktivitet. Det er uheldig at avdelinga blir liggande så nær UPH og hovudinngangen til Psykiatrisk klinikk. Størrelsen på uteområdet må utbetrast.
- **Tilkomstveg varelevering:** For å utnytte bygget og lysthusområdet optimalt bør vegen vurderast på nytt. Forslag: Tilkomstveg mellom dagens sengepostbygg og kontorbygg, Det vil krevje noko ombygging, men vil opne for meir nærhet mellom UPH og BUP og samtidig opne for fleire sengerom mot yttervegg som er å føretrekke framfor pasientrom mot atrium.

Vi har forventningar til HF si satsing på psykiatri og rus, der nye behandlingsformer med t.d. mindre medisin aukar behovet for nytenking i planløyning og organisering, og ser fram til at dette gjenspeglar seg i byggeprosjektet.

Bygstad 20.02.2018

Mvh. LPP Sogn og Fjordane  
Ragnhild-Lise Korsvoll  
leiar

Kopi til: Administrerande direktør Arve Varden  
Brukarrepresentant i Forprosjekt nye Førde sjukehus Åshild Helleset